



Voss kommune
Kommunalavdeling oppvekst

Barnehage- og skuleteam

Orientering til grunnskular, kommunale og private barnehagar i Voss kommune

Barnehagar, grunnskular, helsestasjons- og skulehelsetenesta, pedagogisk psykologisk tenestekontor og barnevernstenesta har alle som overordna mål å bidra til å gjere oppvekstmiljøet for barn i kommunen best mogeleg. Vi pliktar å samarbeide om dette, og frå 15. august 2013 vart alle desse tenestene samla i kommunalavdeling oppvekst.

Som ledd i utviklinga av eit meir formalisert samarbeid, har kommunen organisert dette arbeidet i barnehage- og skuleteam. Teama skal ha minimum to møte per halvår/fire møte per år. Alle teama har ein representant frå kvar av tenestene pedagogisk psykologisk tenestekontor (PPT), helsestasjons- og skulehelsetenesta og barnevernstenesta. Frå barnehagen/skulen møter alltid leiar, og ev. anna personale etter behov. Foreldre møte etter avtale i saker som gjeld deira barn/elev. Styrar/rektor for den aktuelle barnehage/skule er leiar for teamet og leiar møta.

Teamet skal også ivareta arbeid som blir gjennomført i ulike andre samarbeidsmøte ved verksemda, som tidleg innsatsteam og TPO-team. Dersom det er behov for drøftingar med spesifikk tema av pedagogisk- eller helsemessig art, kan møtet permittere nokre av møtedeltakarane mot slutten av møtet.

Målet for barnehage- og skuleteama er å bidra til at born som av ulike grunnar treng ekstra oppfølging, stimulering og omsorg, får god - og tidleg hjelp.

Foreldre/føresette, blir inviterte til å delta i drøftingar som gjeld deira barn. Foreldre/føresette kan òg be om møte med teamet. Dersom foreldre vel å ikkje delta i møtet, må det innhentast skriftleg samtykke frå foreldre/føresette før ei sak kan drøftast.

Til orientering legg vi ved:

Retningsliner for barnehage/skuleteam i Voss kommune

- Skjema for samtykke frå foreldre/føresette
- Tips til tema som kan drøftast i teamet
- Orientering til foreldre/føresette

Kommunalavdeling oppvekst 15. oktober 2015

Marianne Røynesdal, Marta K. Egdetveit, Berit Lid Sekse og Elin Klette.



Retningslinjer for barnehage- og skuleteam i Voss kommune

Barnehage- og skuleteam er samansette slik:

- Ein representant frå helsestasjons- og skulehelsetenesta
- Ein representant frå pedagogisk psykologisk tenestekontor
- Ein representant frå barnevernstenesta
- Styrar/rektor i aktuell verksemd.

Mål

- Bidra til at barn som av ulike grunnar treng ekstra oppfølging, stimulering og omsorg får god - og tidleg hjelp
- Gje råd og rettleiing tidlegast mogleg. Det skal vere låg terskel for å ta kontakt.
- Bidra til eit godt samarbeid mellom barnehage/skule og hjelpetenestene.

Metode

- Møte minst to gonger per halvår/fire møte per år. Ved behov ut over dette, kan styrar/rektor kalla inn til møte.
- Kvar verksemd skal ha eit fast team.
- Teamet skal vere ein drøftingspart for personale i barnehage og skule, og etter ynskje, med foreldre/føresette.
- Styrar/rektor i verksemda førebur møtet, inviterer med eventuelle foreldre/føresette, eller skaffar samtykke frå foreldre/føresette til at barnet sin situasjon kan drøftast.
- Styrar/rektor leiar møtet, og syter for at alle partar sitt syn kjem fram i møtet.
- Det skal skrivast eit kort referat/notat etter kvart møte. Notatet skal distribuerast til medlemmane i teamet. Ev. omtale av einskildbarn/-elevar i konkrete saker skal dokumenterast i eige notat som foreldre får kopi av.

Evaluering

- Tiltaket vert evaluert årleg av dei involverte partane. Konsulent for kommunalavdeling oppvekst kallar inn til evalueringsmøte i mai/juni.

Voss, 15. oktober 2015

Elin Klette
Stab oppvekst

Berit Lid Sekse
Pedagogisk psykologisk
tenestekontor

Marta K. Egdetveit
Helsestasjon og skulehelsetenesta

Marianne Røynesdal
Barnevernstenesta

Barnehage- og skuleteam i Voss kommune

Tips til tema som kan drøftast

Barnehage:

Generell bekymring i høve til:

- Frammøte
- Hentetid
- Kven som hentar
- Klede, bytekle
- Skader
- Kosthald
- Mobbing
- Overvekt

Generell bekymring i høve til alder og modning:

- Pottetrening
- Påkledning
- Eta sjølv
- Hygiene
- Ta imot og utføre beskjedar

Avvik frå forventa åtferd i høve alder og modning:

- Temperament/sinne
- Grenser/styring
- Samspel med andre born
- Sosial kompetanse
- Konsentrasjon
- Språk
- Motorikk
- Emosjonell utvikling
- Helse og trivsel
- Seksualisert åtferd

Generell bekymring i høve barnet sin omsorgssituasjon:

- Psykisk sjuke foreldre/ alvorleg sjuke foreldre
- Rusmiddelmissbruk hjå foreldre
- Kulturkonflikt
- Samarbeid heim/barnehage
- Foreldrekonfliktar
- Frammøte på felles arrangement, foreldremøte
- Vald, fysisk og psykisk

Sorg- og krisehandtering

Skule:

Generell bekymring i høve til:

- Frammøte
- Klede
- Skader
- Kosthald/ søvn
- Klassemiljø
- Utemiljø, skulemiljø
- Mobbing
- Fysisk aktivitet/ kroppsøving
- Sosiale medium
- Overvekt
- Psykisk helse
- Fråvær

Generell bekymring i høve til alder og modning:

- Påkledning
- Gløyming
- Ta imot og utføre beskjedar
- Hygiene

Avvik frå forventa åtferd i høve alder og modning:

- Temperament/sinne
- Grenser/styring
- Samspel med andre born
- Sosial kompetanse
- Konsentrasjon
- Språk
- Motorikk
- Emosjonell utvikling
- Helse og trivsel
- Seksualisert åtferd

Generell bekymring i høve eleven sin omsorgssituasjon:

- Psykisk sjuke foreldre/ alvorleg sjuke foreldre
- Rusmiddelmissbruk hjå foreldre
- Kulturkonflikt
- Samarbeid heim/skule
- Foreldrekonfliktar
- Frammøte på felles arrangement, foreldremøte
- Vald, fysisk og psykisk

Sorg- og krisehandtering



Barnehage- og skuleteam Orientering til foreldre/føresette

Barnehagar, skular, helsestasjons- og skulehelsetenesta, pedagogisk psykologisk tenestekontor og barnevernstenesta i Voss kommune har alle som overordna mål å bidra til å gjere oppvekstmiljøet for barn best mogeleg. For å lukkast, må vi samarbeide om dette, og frå 15. august 2013 vart alle desse tenestene samla i kommunalavdeling oppvekst.

Som ledd i utviklinga av eit meir formalisert samarbeid, har kommunen organisert dette arbeidet i barnehage- og skuleteam. Teama skal ha minimum 2 møter per halvår. Alle team vil ha ein representant frå kvar av tenestene pedagogisk psykologisk tenestekontor (PPT), helsetenesta og barnevernstenesta. Frå barnehagen/skulen møter alltid leiar, ev. anna personale etter behov. Leiar for den aktuelle barnehage/skule er leiar for teamet.

Målet for barnehage- og skuleteama er å bidra til at barn som av ulike grunnar treng ekstra oppfølging, stimulering og omsorg, får god - og tidleg hjelp.

Foreldre/føresette blir inviterte til å delta i møte som gjeld behova til barnet dykkar. Dersom foreldre/føresette vel å ikkje delta i møtet, kan de gi skriftleg samtykke til at saka blir drøfta i møtet. Foreldre blir oppmoda om å delta sjølve på møtet.

Dersom dykkar barn, etter samtykke, vert drøfta i teamet, vil styrar/rektor gi dykk skriftleg tilbakemelding på innhald i drøftinga og kven i kommunen som kan fylgje opp saka vidare. Alle i teamet har teieplikt.

Voss kommune 15. oktober 2015

Med venleg helsing

Else Berit Kyte
Kommunalsjef oppvekst